

Sommarleg gudsteneste for 50 i løa

12.07.2006



To av dei eldste på Skorpo – Nils Vågen (84) og Johannes Hauge (71) - under gudstenesta til kapellan Åge Sætre. Hauge sit nærest.

Skorpo har fått mykje positiv og fortent merksemd i det siste.

For to veker sidan var det kulturhistorisk vandring til topps på den fascinerande øya utanfor Uskedalen. Denne helga var det ein høgst sommarleg gudsteneste der – i løa til Ole Kristoffer Vågen på Søre Skorpevågen.

Dei 50 som kom over sundet fekk ei oppleving dei vil hugse lenge. Den moderne tid danna ein spanande symbiose med det naturlege: Medan organist Reidar Algerøy simulerde både klokkeklang og orgelmusikk, kvitrafuglane livleg utanfor. Og kapellan Åge Sætre, som hadde ein diger høyhaug som 'altartavle', fekk både liten og stor med på ei meir uformell oppleving enn den som er vanleg ein preikesundag.

Salmane var velvalde. Det vart sunge om 'de fagre blomsterenger og åker rad på rad' og om at dei høyrede 'fugler sjunge med herlig jubellyd'.

No er det sju fastbuande på Skorpo, fordelt på to husstandar. I gamle dager var det meir enn 30 der og dei hadde eigen skule. Det var også religiøse samkomrar frå tid til annan.

Men gudsteneste kvar sommar er ein heller ny tradisjon og dette var sjuande gongen. Dei fire første vart halde på den største garden – Oppi Skorpo. Tre av dei var utandørs og ein i den gamle røykstova.

Dette var fjorde året med gudsteneste i løa på Søre Skorpevogen, som er veleigna også til dette føremålet. Songen fekk liv under dei høge takbjelkane og kyrkjekaffen smaka ekstra godt etterpå!

Frammøtet var dobbelt så stort i fjar, men det hadde ei naturleg årsak: Då vart aller siste skot på Skorpo-stammen døypt under gudstenesta. Så stammen lever vidare og det same gjer nok dei sommarlege gudstenestene.

Av Ola Matti Mathisen



Det var 50 frammøtte under gudstenesta i løa til Ole Kristoffer Vågen. (Foto: Ola Matti Mathisen)